



JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENTET

Faktaark

Justisdepartementets budsjett for 2008

For 2008 foreslår Regjeringa at dei totale utgiftene på ansvarsområdet til justissektoren vert 18,149 milliardar kroner. Dette er ei auke på 9,2 prosent frå saldert budsjett i 2007.

			mill. kroner
	Saldert budsjett 2007	Forslag 2008	Pst. endr. 07/08
Betegnelse			
<i>Programområde 06 Justissektoren</i>			
06.10 Administrasjon	238,4	251,1	5,4
06.20 Rettsvesen	1 889,3	1 984,9	5,1
06.30 Kriminalomsorg	2 423,7	2 696,4	11,2
06.40 Politi og påtalemyndighet	9 026,3	9 503,7	5,3
06.50 Redningsteneste, samfunnstryggleik og beredskap	1 229,3	1 826,6	48,6
06.60 Andre verksemdar	666,5	715,0	7,3
06.70 Fri rettshjelp, erstatningar, konfliktråd m.m.	1 027,3	1 028,1	0,1
06.80 Svalbardbudsjettet	123,9	143,5	15,8
Sum Justissektoren	16 624,6	18 149,3	9,2

Kriminalomsorga

Arbeidet med å auke kapasiteten i fengsla og redusere soningskøen fortsetter. Regjeringa vil auke dei samla løyvingane knytt til kriminalomsorga med til saman om lag 630 millionar kroner i 2008. Mellom anna ca. 14 millionar kroner til opplæring, bibliotek, kulturtiltak, fengselspresteteneste og helseteneste for innsette på Kunnskapsdepartementet, Kultur- og kyrkjedepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet sine budsjett, og om lag 395 millionar kroner til bygging av Halden fengsel over Fornyings- og administrasjonsdepartementets budsjett.

I 2008 vil Regjeringa opprette 77 nye soningsplassar. 10 av dei 77 plassane er ei ny avdeling for forvaringsdømde i Trondheim. I tillegg vil Regjeringa auke bruken av straffegjennomføring i institusjon for innsette kvinner med rusproblem. Samla vil det med budsjettforslaget for 2008 bli etablert nær 400 nye soningsplassar i 2006-2008 og dei samla løyvinga for kriminalomsorga vil ha økt med nærare 1,1 milliard kroner i løpet av perioden 2006-2008. I tillegg vil Halden fengsel gje 251 nye fengselsplassar når fengselet står klar til bruk våren 2010.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga med 40 millionar kroner for å sette i verk eit prøveprosjekt i heile landet med straffegjennomføring med elektronisk kontroll. Dette vil etter ei tid gje ein kapasitet som svarer til om lag 130 fengselsplassar.

Fulle fengsel i fleire år har vore ei belastning for bygningane og dei tilsette. Regjeringa vil derfor løyve 20 millionar kroner meir til naudsynt vedlikehald ved Ullersmo fengsel og 20 millionar kroner ekstra til drift av kriminalomsorga.

Opptaket til fengselsbetjentutdanninga ved Kriminalomsorgens utdanningssenter (KRUS) vil bli rekordhøgt neste år. 250 aspirantar vil bli tatt opp ved KRUS i 2008.

Satsinga på kriminalomsorga i 2008 skal mellom anna gå til:

- heilårsverknad av kapasitetsutvidingar frå 2007 og 77 fleire fengselsplassar i 2008. (til saman om lag 105 millionar kroner)
 - Trondheim fengsel: Ny avdeling for forvaringsdømde, 10 forvaringsplassar
 - Ila fengsel, forvarings- og sikringsanstalt: 11 plasser med høgt tryggleiksnivå
 - Gjøvik og Vestre Slidre fengsel: 7 nye plasser - 2 med høgt tryggleiksnivå og 5 med lågare tryggleiksnivå
 - Ravneberget fengsel: Netto 7 nye plasser – 9 nye plasser med lågare tryggleiksnivå ved Ravneberget fengsel. Bortfall av to plassar ved Sandefjord fengsel som gjerast om til overgangsbolig
 - Vik fengsel: 7 plasser med lågare tryggleiksnivå
 - Evjemoen: 20 plasser med lågare tryggleiksnivå
 - Overgangsbolig i Kristiansand: 15 plasser med lågare tryggleiksnivå
- auke bruken av straffegjennomføring i institusjon for innsette kvinner med rusproblem (1 million på justisbudsjettet, 100 millionar til rustiltak på budsjettet til Helse- og omsorgsdepartementet)
- straffegjennomføring med elektronisk kontroll (40 millionar kroner)
- auka driftsramme til kriminalomsorga (20 millionar kroner)
- auka løyving til vedlikehald ved Ullersmo fengsel (20 millionar kroner)
- tilbod for domfelte/innsette (om lag 14 millionar kroner under Kunnskapsdepartementet, Kultur- og kyrkjedepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet)
- heilårsverknaden av auka klasseopptak ved KRUS i 2006-2007 og eit ekstra opptak av 100 aspirantar i 2008 (36 millionar kroner)
- vidareføring av bygging av Halden fengsel (530 millionar kroner i 2008, ei auke på 395 millionar kroner samanlikna med saldert budsjett 2007).

Politi og påtalemynd

Regjeringa har auka politibudsjettet med til saman ca. 260 millionar kroner i løpet av 2006 og 2007 og foreslår å auke løyvinga til politi- og påtalemakta med til saman ca. 245 millionar kroner i 2008.

Politibudsjettet er foreslått styrka med ca. 64 millionar kroner på bakgrunn av forslag om utvida høve til registrering i DNA-registeret. Planane er at lovendringane trer i kraft frå 01.09.2008. Det er lagt til grunn at ordninga skal finansierast sentralt. Noko av midla politiet bruker til dette i dag vil då kunne frigjerast. I tillegg foreslår Regjeringa å auke Justisdepartementets budsjett med ca. tre millionar kroner til forskning, mellom anna i samband med DNA.

Regjeringa vil i tråd med Soria Moria-erklæringa auke bemanninga i politi- og lensmannsetaten. Det er difor foreslått å vidareføre det rekordhøge opptaket på 432 studentar i 2008. I tillegg vert det sørga for investeringar i vernevestar og våpen for å ivareta tryggleiken til tilsette.

Regjeringa ønskjer at innsatsen mot vald i nære relasjonar og seksuelle overgrep skal styrkast, og foreslår å auke løyvinga med 10 millionar kroner. Midla skal gå til auka kompetanse og innsats til familievaldsteam/familievaldskoordinatorar i politidistrikta, samt sikra ei heilskapleg tilnærming til fagområdet.

For å hjelpe barn som har blitt utsett for overgrep, og oppklare fleire av desse sakene, vart det i 2007 oppretta prosjekt i Bergen og på Hamar med ein ny modell for avhøyr, undersøking og behandling. Ordninga skal bli landsdekkande og etablert i alle helseregionar i 2008 ved at det i tillegg vert oppretta tre nye Barnehus, herunder eitt i Kristiansand.

Styrkinga av politiet i revidert nasjonalbudsjett 2007 er vidareført med til saman 94 millionar kroner.

Vidare er budsjettet til politiet auka med ca 13 millionar kroner. I tillegg til ei generell styrking skal dette også gjere politiet i stand til å følgje opp den auka satsinga på kamp mot ulovleg, urapportert og uregulert fiske.

Gjennom Schengen-avtalen deltek Noreg mellom anna i EU sitt arbeid med yttergrensekontroll. Budsjettet er foreslege auka med 50 millionar kroner som skal dekke Noregs bidrag til fondet og politiet sin administrasjon av ordninga. Fondet vil gjelde for perioden 2007-2013. Regjeringa vil seinare legge fram eit forslag til Stortinget om deltaking i fondet. Dei årlege løyvingane vil bli avklara i samband med dette.

Budsjettet til Den høgare påtalemakta er foreslått styrka med til saman 5 millionar kroner. Styrkinga av Den høgare påtalemakta i revidert nasjonalbudsjett 2007 er vidareført. Vidare er budsjettet foreslått styrka mellom anna med 2,6 millionar kroner til den høgare påtalemakta generelt og til Det nasjonale statsadvokatembetet for kamp mot organisert og anna alvorleg kriminalitet spesielt.

Tilskotet til Alternativ til vald (ATV) skal aukast med 3 millionar kroner mellom anna for å utvide tilbodet til to nye stader.

Sett i samanheng med innføring av første trinn av nytt felles digitalt nødnett for nød- og beredskapsstatene (politi, helse, brann) og etablering av til saman om lag 400 nye soningsplassar i perioden 2006-2008 (gir også fleire varetektsplassar), vil dette auke tryggleiken for tilsette i politiet, gjere det mogleg å oppklare fleire saker og gi ein meir effektiv ressursbruk. Dette vil styrke den samla politikrafta i heile landet.

Domstolane

Den nye tvistelova trer i kraft frå 01.01.2008. I samband med innføringa av lova foreslår Regjeringa for 2008 at det under løyvinga til domstolane blir sett av totalt 22 millionar kroner til investeringar i teknologisk utstyr. Dette inkluderer vidareføring av 17,5 millionar kroner som blei løyvde i 2007.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til Finnmarkskommisjonen og Utmarksdomstolen for Finnmark med 7,6 millionar kroner i 2008.

Regjeringa foreslår å vidareføre auken i løyvinga til tinglysingsprosjektet i 2007 med 15 millionar kroner i 2008 som følgje av auka tilfang av saker over lengre tid.

Auka samfunnstryggleik

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til redningshelikopterberedskapen med til saman 160 millionar kroner for blant anna å etablere døgnkontinuerleg tilstadevakt med lege ved redningshelikopterbasane på Ørland og Rygge frå 01.07.2008, samt etablering av ny redningshelikopterbase i Florø med døgnkontinuerleg tilstadevakt drive av Forsvaret innan 01.01.2009. Rygge blir etablert som fast redningshelikopterbase.

Med Regjeringa sitt forslag vil alle basane i fastlands-Noreg ha sikra døgnkontinuerleg tilstadevakt. Tilstadevakt på alle fastlandsbasane og ny base på Nord-Vestlandet er ein betring av kvaliteten av redningshelikoptertenesta og ei betring av tryggleiken til folk.

Budsjettet til redningsteneste er vidare styrka for auka vedlikehaldskostnader for dagens redningshelikopter og for vidareføring av nyskaffingsprosessen for nye redningshelikopter.

Regjeringa foreslår òg å om lag doble den samla løyvinga til dei frivillige organisasjonane i redningstenesta, frå om lag 6 millionar kroner til om lag 12 millionar kroner. Redningstenesta i Noreg er organisert som eit samvirke mellom offentlege etatar, private og frivillige organisasjonar. Den frivillige innsatsen er særskild viktig for redningstenesta. Justisministeren vil med forslaget inspirere og legge til rette for den vidare innsatsen dei frivillige gjer i redningstenesta.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga med ca. 400 millionar kroner til innføring av nytt radiosamband for nødetatane (politi, brann og helse). Det leggjast til grunn at nettet blir klart til bruk i Oslo, Romerike, Follo, Asker og Bærum, Søndre Buskerud og Østfold politidistrikt i november 2008.

Svalbardbudsjettet

Regjeringa ønskjer å hjelpe til med å sikre ein robust norsk busetting på Svalbard og foreslår difor endringar i skattesystemet for Svalbard med verknad frå 2008. Endringane vil gjøre skattesystemet meir tidsmessig og betre tilpassa det ordinære norske skattesystemet og internasjonale rammevilkår.

Regjeringa foreslår at lønnstrekkordninga føres vidare og at skattesatsen blir redusert frå 12 prosent til 8 prosent. For særskilt høye inntekter (over 12 G) skal det bli trekt 22 prosent skatt. Skattesatsen for alminneleg inntekt på Svalbard (selskaps- og kapitalskatt) aukar frå 10 prosent til 16 prosent.

Frå og med 2007 ble det på Svalbard gitt eit eige tillegg i barnetrygda. Regjeringa forslår å føre vidare denne ordninga for å ivareta omsynet til barnefamiliar på Svalbard.

Eit krafttak for kriminalitetsofra

Regjeringa vil gje fornærma og pårørande styrka rettar og betre hjelpetilbodet for kriminalitetsofra. For budsjettåret 2008 har Justisdepartementet sett av om lag 44 millionar kroner til dette føremålet.

Regjeringa ønskjer å gi dei som er fornærma og pårørande styrka rettar i straffeprosessen og tilby auka oppfølging og bistand. Regjeringa vil følgje opp utgreiinga frå Fornærmedeutvalget, NOU 2006: 10, og vil leggje fram forslag om å utvide bistandsadvokatorordninga, gje rett til kostnadsfri samtale med advokat i visse saker for å vurdere å melde forholdet til politiet, styrkje retten til informasjon gjennom heile straffesakshandsaminga, gje rett til å ha ein kontaktperson i politiet og eit møte med aktor før hovudforhandlinga i visse saker og auke høvet til påverknad i straffesaka (budsjettet er foreslått auka med til saman 13,35 millionar kroner, med verknad frå 1. juli 2008).

Løyvinga er foreslått auka med 14,5 millionar kroner for å styrke stillinga til valdsofra spesielt. Innsatsen mot vald i nære relasjonar og overgrep mot barn skal bli styrka med til saman 15,5 millionar kroner til etablering av Barnehus, og ordninga med familievaldskoordinatorar i politiet skal utvidast. Regjeringa vil vidareutvikle ordninga med rådgjevingsskontor for kriminalitetsoffer og foreslår å løyve ein million kroner til å setje i gang eit pilotprosjekt for etablering av ein gratis støttetelefon for kriminalitetsoffer i 2008.

05. oktober 2007
www.regjeringen.no/jd